



## KONTROLLUTVALET I KLEPP

## PROTOKOLL

<b>Utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtenr.:</b> 5-2011	<b>Møtedato:</b> 24. november 2011	<b>Utvaks saksnr.:</b> 29/11 - 36/11
<b>Innkalla:</b> Arild Børge Skjæveland Ove Horpestad Siri Øksnevad Olsen Reidar B. Thu Sigrid Lærdal	<b>Forfall:</b> Siri Ø. Olsen forlot møtet kl. 18.30, etter sak 31/11. Varamedlem var innkalt via e-post, men møtte ikkje.		
<b>Andre:</b> Oppdragsansvarlig revisor Eirik Braut, Deloitte AS Revisor Aslak Svindland, Deloitte AS Forvaltningsrevisor Rune Eskeland, Rogaland Revisjon IKS Daglig leder Wencke S. Olsen, Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS			

**Innkallinga vart godkjent med merknader om feil adresse på varamedlem samt feil namn på kontrollutvalets leiar i eit av dokumenta.**

**29/11 Kort gjennomgang av kontrollutvalets oppgåver og ansvarsområde/plan for vidare gjennomgang**

Daglig leder i kontrollutvalgssekretariatet orienterte om kontrollutvalets ansvar og oppgåver.

Kontrollutvalet vert invitert til opplæring av revisor etter nyttår. Formuleringa ”og revisor” vert derfor tatt bort i forslag til vedtak.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

- Kontrollutvalet tar orienteringar frå sekretariat til etterretning.
- Kontrollutvalet ber sekretariatet om å organisera nødvendig opplæring i tråd med det utvalet kom fram til på møtet.

**30/11 Rapport frå selskapskontroll i Nord-Jæren Bompengeselskap AS**

Forvaltningsrevisor Rune Eskeland orienterte om rapporten.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

- Kommunestyret i Klepp tar den framlagte rapporten frå Selskapskontroll i Nord-Jæren Bompengeselskap til etterretning.
- Kommunestyret ber selskapet om å sjå til at kjønnsrepresentasjonen i styret er i tråd med gjeldande lovkrav.
- Rapporten oversendes eigarkommunane, styre og generalforsamling for vidare oppfølging. Det gis tilbakemelding til kontrollutvalet på korleis rapporten er fylgt opp innan 1. juni 2012.

**31/11 Orientering om revisjonsplan 2011 for Klepp kommune**

Oppdragsansvarlig revisor Eirik Braut orienterte.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp tek presentasjonen av overorda revisjonsstrategi 2011 til orientering.

**32/11 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2012**

Kontrollutvalet diskuterte den vedlagte meldingssaka ang. sak frå Helsetilsynet. Sekretariatet inviterer rådmannen/administrasjonen til neste møte for å orientera om kva for rutinar og praksis man har på dette området, inkl. kva for heimlar man har hatt for dei tiltak som har vore sett i verk. Det vert og bedt om ei tilbakemelding på kva for kontrollrutinar som finst i dag, og kva ein har gjort for å retta seg etter Helsetilsynets pålegg. I tillegg til orientering i møtet er det og ønskjeleg med ei skriftlig tilbakemelding.

Reidar B. Thu foreslo at saka vart utsett til neste møte for å evt. kunne vurdere denne saka i forbindelse med prosjekt for 2012.

Dette forslaget vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

**33/11 Ny plan for forvaltningsrevisjon - framdriftsplan**

Kontrollutvalet kom med følgjande merknader til forslag til vedtak:

Utvalet ber om ei eiga sak til møtet i mars, for å vurdere på kva måte ein ønskjer å få innspel frå det politiske miljøet.

Det vart og føreslått følgjande tilføyning til plan for møte i november:  
"Planen skal slutt-godkjennast av kommunestyret."

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt med dei presiseringar/tilføyningar som er nemnt ovafor.

VEDTAK:

Kontrollutvalet vil behandla sak om ny Plan på forvaltningsrevisjon på følgjande måte:

Møte i mars	Innleiande prosessmøte, risikospel. Innspel frå kontrollutvalets medlemmer. Kontrollutvalet tar stilling til på kva måte ein ønskjer å få innspel på frå politisk leiing.
Mai/juni:	Innspel frå administrativ og evt. politisk leiing.
Møte i juni:	Samanfatta overordna analyse vert lagt fram for kontrollutvalet av revisor. Kontrollutvalet startar arbeidet med prioriteringar til planen.
Møte i sept.:	Første utkast til plan vert presentert for kontrollutvalet, som foretar sine endelege prioriteringar og evt. vedtar planen.
Møte i nov.:	Siste frist for kontrollutvalet for å vedta planen. Planen skal slutt-godkjennast av kommunestyret.

**34/11 Møteplan for 2012**

Det vart opplyst at formannskapet etter planen skal behandla årsrekneskapen på møte 22. april.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtar følgjande møteplan for 2012:

MØTE	TIDSPUNKT	MERKNADER
Torsdag 01.03.2012	Kl. 16.00	
Torsdag 19.04.2012	Kl. 16.00	<i>FSK 22/4- årsrekneskapen</i>
Torsdag 14.06.2012	Kl. 16.00	
Torsdag 06.09.2012	Kl. 16.00	
Torsdag 29.11.2012	Kl.16.00	

**35/11 Kontrollutvalets årsplan for 2012**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp vedtar den framlagde årsplanen for 2012.

Planen vert vidaresendt kommunestyret til orientering.

**36/11 Statusoversikt pr. november 2011**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedtatt.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Klepp tar statusoversikt pr november 2011 til orientering.

**MELDINGAR**

6/11 Klage på omplassering på institusjon - omgjøring av kommunens vedtak  
*Meldingssaka vart handsama under sak 32/11.*

**Underskrifter:**

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet